

SAKSFRAMLEGG UTVALGSSAK

Behandla av	Møtedato	Saksnr.	Saksansvarleg
Hovudutval for utvikling	14.05.2013	035/13	STRARN

ArkivsakID	JournalID	ArkivID	Saksbehandler
13/206	13/2467	223	Arne Straum

Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord - høyring

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
03.05.2013	Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord.pdf	60552

Saksopplysninger:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut forslag til forskrift om tilskott til drenering av jordbruksareal på høyring.

I Stortingsmelding nr. 9 (2011 – 12) Landbruks- og matpolitikken vert det lagt vekt på auka berekraftig produksjon av mat. For å sikra slik utvikling er det naudsynt å ha god kvalitet på jordbruksjorda. Landbruksteljinga 2010 viste at 840 000 dekar fulldyrka jord er dårleg drenert. Det er avgjerande for framtidig matproduksjon at den fulldyrka jorda har god drenering. God drenering bidreg også positivt til miljøet gjennom at det reduserer faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoffer til vassdrag.

Vilkår

Tilskott skal berre gjevast til eigar av landbrukseigedom eller leigetakar som fyller vilkåra for produksjonstilskott.

Tilskott skal berre gjevast til drenering av jordbruksareal som tidlegare har vore grøfta. Føretaket må ha grøfteplan med kart og miljøplan trinn 2 eller tilsvarande miljøinformasjon der tiltaket og verknaden av tiltaket er beskrive.

Tilskott kan ikkje gjevast der tiltaket fører med seg vesentleg skade for annan eigedom, naturmangfald, kulturminne eller vesentleg fare for flaum og vassureining.

Tilskott kan heller ikkje gjevast der tiltaket er sett i gang før tilskott er løyvd.

Utrekning av tilskott

Tilskott til drenering av jordbruksjord ved systematisk grøfting ol. utgjer opp til 1000 kroner pr. dekar. Ved annan grøfting kan det gjevast 10 kroner pr. løpometer opp til 1000 kroner pr. dekar.

Utrekna tilskott under 5000 kroner pr. søknad vert ikkje utbetalt. Grunnen til dette er at det vert mykje administrasjon i høve til storleiken på tilskottet. Ein reknar at det går tilnærma like mykje tid til å behandla ein søknad uavhengig av storleiken på grøfteplanen.

Vurdering:

Vang kommune har hatt ordning med kommunalt tilskott til grøfting sidan 1990-talet. Det vert gjeve 6 kroner pr. løpemetar uavhengig om det er systematisk grøfting eller einskildgrøfter.

Vilkår for å få kommunalt tilskott til grøfting er at det må grøftast minst 300 meter pr. plan. Elles er det same krava som i forslaget til statstilskottet med omsyn til eigarforhold mv. Tilskottsommen pr. dekar til systematisk grøfting mv. og pr. meter synes å vera akseptabel. Men minstetilskott på 5000 kroner er i høgste laget. Med 10 kroner løpemetaren vil ein måtta grøfta minst 500 meter for å få tilskott. Med dei etter måten små areala som er i fjellbygdene, er det ikkje i så mange tilfelle ein treng grøfta 500 meter for å få ein god verknad. For fjellbygdene vil det difor vera meir høveleg å ha ei minste tilskottsgrense på 2500 – 3000 kroner.

Framlegg til uttale:

Vang kommune ser positivt på at det vert innført tilskott til grøfting av vassjuk fulldyrka jord. Men grensa for minste utbetaling av tilskott til grøfting er noko høg med tanke på forholda i fjellbygdene. Vang kommune føreslår ei minstegrense på 2500 kroner for utbetaling av tilskott til grøfting av vassjuk fulldyrka jord.

Saka vart behandla i Hovudutval for utvikling 14.05.2013

HU-035/13 Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.